



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3437 - 22/77911

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
11.10.2022

Vedtak til klagevurdering - gbnr 472/1 Dale

Tiltak: Dispensasjon frå LNF
Byggjestad: Gbnr: 472/1
Tiltakshavar: Anita Skjelnæs Milde
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF føremål for oppføring av bustadhus på garden.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Radøy delrevisjon 2019 plan ID nr. 12602013000200 sin arealdel er definert som LNF - område.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av Utval for areal, plan, og miljø i møte den 05.10.2022, der følgjande vedtak vart fatta:

APM- 125/22 Vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen på fylgjande vilkår:

· Fyllingsfoten mot vest er vurdert som dominerande og markant, og administrasjonen rår til at tiltaket vert betre tilpassa terrenget på staden. Ved søknad om løyve til oppføring av bustad med BYA areal inntil 298 m², er det naudsynt å ta omsyn til både nær,- og fjernverknaden til det omliggande kulturlandskapet.

· Innmarksbeite som vert bygd ned vert erstatta, jf. løyve gitt ved handsaming etter jordlova. Det skal opparbeidast 1 daa nytt innmarksbeite til erstatning for det arealet som går tapt til bygging.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6.
Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Mette Robertsen på e-post mette.robertsen@alver.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå LNF føremål for oppføring av bustad nr. 3 - Gbnr 472/1 Dale
Søknad om dispensasjon fra LNF formål - gbnr 472/1 Dale
søknad om dispensasjon
skisser samlet vedlegg E 1-5_
situasjonsplan og illustrasjoner_vedlegg D 1-8
Løyve til omdisponering etter jordlova til bygging av nytt våningshus - gbnr 472/1 Dale
Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon nytt bygg - boligformål - gbnr 472/1 Dale
Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon - gbnr 472/1 Dale
Uttale - Dispensasjon - Nybygg - Fv. 565 - Radøyvegen - gbnr 472/1 - Nøtlevågen 1
Uttale - Alver - gbnr 472/1 Dale - oppføring einebustad - dispensasjon

Kopi til:

Johannes Skartveit Dale	NØTLEVÅGEN 3B	5938	SÆBØVÅGEN
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------